

NotatDato: 03.05.2018
Arkivsak: 2018/8513-5
Saksbehandlar: ambrein

Til: Cathrine Grasdal

Frå: Ambjørg Reinsnos, Endre Sten Nilsen

Kulturminnefagleg fråsegn - Kommunedelplan Rongøy - Øygarden kommune

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektormynde for kulturminnevern.

Rongøy er rik på kulturminne. Planforslaget viser to omsynssoner for bevaring av kulturmiljø; H570_1 Austevågen og Skitvika, og H570_2 Vestresundet. Dette er område med mange Sefrak-registrerte naust, og det er positivt at Øygarden kommune stadfestar at eventuelle tiltak som kan verke inn på eller vil vere skjemmaende på naustmiljøa skal unngåast. Vi ber om at omsynssone H570_1 vert utvida til å også omfatte steinalderlokaliteten vest for Skitvika (Askeladden id 95515). Vi gjer vidare Øygarden kommune merksam på at kulturmiljøet på Rongøy har ei rekkje Sefrak-registrerte bygningar utanom omsynssonene, både tun og enkeltbygningar. Vi ber kommunen ta omsyn også til tunstruktur og enkeltbygningar på ein god måte i den vidare sakshandsaminga.

Automatisk freda kulturminne er vist i plankartet med rune-R. Det er positivt at kulturminna er vist i kartet, men markeringa med rune-R er vanskeleg å sjå, og i nokre tilfelle svært unøyaktig plassert, særleg gjeld dette kulturminnet i Holsenbuvika, Askeladden id 15836, som har relativt stor utstrekning. Vi rår til at dei automatisk freda kulturminna i planområdet (Askeladden id 15836, 126813, 95514 og 95515) vert lagt inn med omsynssoner for bandlegging, SOSI-kode H730, i plankartet, med tilhøyrande føresegner som sikrar ei betre forvaltning av kulturminna.

Hordaland fylkeskommune tek atterhald om byggjeområda i planen inntil § 9 i kulturminnelova er oppfylt. Dette gjeld både på land og i sjø. Vi vil elles minne om samarbeidsplikta etter § 25 i kulturminnelova, og at kommunen har plikt til å sørgje for at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova er oppfylt uansett om tiltaket er i tråd med kommunedelplanen eller ikkje.